

KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 16. mars 2015
Stad: Kommunehuset – Møterom Børilden 3. etg
Kl.: 12.00 – 16.30
Tilstades: Solveig Hopen - leiar, Arne Kästel og David Sætre Ludvigsen
Innkalla: Kjartan Aa Berge frå Ernst & Young
Revisjon:
Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss
Forfall:

.....
13/15 Selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap – vedlagt rapport frå Ernst & Young

Saksvedlegg: Selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap – rapport frå Ernst & Young

I samandraget til rapporten står det følgjande:

Vesentlige funn

Med bakgrunn i mandatet har EY gjort blant annet følgende funn:

- *Det er svak dokumentasjon på kommunens målsetting med, strategi for og oppfølging og kontroll av AN*
- *På grunn av liten grad av «skriftlighet» er det vanskelig å vurdere om kommunen blir tilstrekkelig informert om driften og utviklingen i selskapet, og om selskapet driver i samsvar med politiske vedtak, kommunens eierskapsmelding og etablerte normer for god eierstyring og selskapsledelse*
- *Alternativet er å legge til grunn at eksistensen av de «parallele organisasjonene» i seg selv innebærer at kommunen blir tilstrekkelig informert. Dette innebærer i så fall at det ikke er noen tydelig «rolle-og ansvarsfordeling» mellom eier, styret og selskapets daglige ledelse*
- *Det er svak dokumentasjon av avtaler mellom Austrheim kommune og AN -både med hensyn til oppgaver, omfang og vilkår*
- *Selskapet har svak dokumentasjon på interne kontrollrutiner og mangler egen rutine for håndtering av innkjøpsreglementet*
- *Selskapet har ingen klart definert strategi –med klare forventninger eller mål*
- *Det synes å være mangelfull forståelse i styret og administrasjon for at et aksjeselskap er en egen juridisk enhet som følger sitt eget «regelunivers» -uavhengig av eierskapet og kommunens lovverk*
- *Over halvparten av styreprotokollene i perioden er ikke undertegnet*
- *Styreprotokollene og styrets vurderinger er tidvis veldig svakt dokumentert i vesentlige saker –det er et betydelig grunnlag for misforståelser og mistenkeliggjøring*

- AN har negativ egenkapital og styret har ikke fulgt aksjelovens regler for utøvelse av handleplikten –ei heller er generalforsamlingen formelt blitt involvert i saken
- Fortsatt drift-forutsetningen synes å være imøtekommet i saken om den negative egenkapitalen i forbindelse med regnskapsavleggelsen per 31.desember 2013
- En vesentlig avtale inngått mellom daglig leder i AN og Breidvik Eiendom er ikke styrebehandlet slik det etter aksjeloven skulle vært gjort
- Eiendomsprosjektet i Breidvik/Solrenningen har ikke vært et lønnsomt prosjekt i bedriftsøkonomisk forstand
- Salgsprosessen knyttet til salg av fire leiligheter virker rimelig behandlet
- Det er avgitt lån til næringsdrivende uten sikkerhet –uten at det i vedtektene er definert at AN skal kunne gi lån

Kjartan Aa Berge frå Ernst & Young hadde ein gjennomgang av rapporten i møte. Det vart fokusert på dei viktigaste funna i rapporten og tilrådingane.

Kontrollutvalet merka seg følgjande:

- Det er ingen tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet sin daglege leiing
- Selskapet har svært svak dokumentasjon av avtalar og interne kontrollrutinar
- Styreprotokollane og styrets vurderingar er svakt dokumentert i vesentlege saker
- AN har negativ egenkapital og styret har ikkje følgd opp aksjeloven sine krav om handleplikt. Dette er eit alvorleg brot på aksjeloven.
- Avtalen om utbetaling av forskott på kr 825.000 til Breidvik Eiendom AS er bare undertekna av dagleg leiar, den skulle vore handsama av styret.
- Eignedomsprosjektet har ikkje vore eit lønnsamt prosjekt
- Det er gitt lån til næringsdrivande utan sikkerhet – utan at det i vedtektene er definert at AN skal kunne gi lån.
- Selskapet skal følgje lov om offentleg innkjøp

Når det gjeld saka om avtalen om forskottsutbetaling av 825.000 så viser kontrollutvalet til eiga sak.

Tilrådingar vidare drift

Rapporten har også nokon råd som må følgjast opp. Oppsummert seier dei følgjande:

- Kommunen må utarbeide ein eigarskapsmelding og eigarstrategi
- Det bør vere ein tydeleg rollefordeling. Det betyr mellom anna at ordførar og rådmann ikkje bør vere i styret eller vere dagleg leiar i selskapet.
- Det må vere klare avtalar mellom kommunen og AN
- Må ha rutinar og internkontroll som sikrar at selskapet føl gjeldane lover, som til dømes regelverket for innkjøp og aksjeloven
- Styresaker må vere tilstrekkeleg dokumentert

- AN må avklare selskapet sin egenkapitalsituasjon; selskapet har negativ bokført egenkapital og styret har handleplikt overfor generalforsamlinga
- Vurdere om selskapet har nokon eksistensberettigelse.


Samrøystes vedtak:


Selskapskontrollen viser at AS Austrheim Næringssselskap ikkje har vore tilfredsstillande drive dei siste åra på fleire vesentlege område. Eigar, styret og administrasjon må følgje opp dei tilrådingane som er i rapporten.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:


Selskapskontrollen viser at AS Austrheim Næringssselskap ikkje har vore tilfredsstillande drive dei siste åra på fleire vesentlege område. Eigar, styret og administrasjon må følgje opp dei tilrådingane som er i rapporten.

Austrheim, 16.03.2015


Arne Kåstel/ nestleiar


Solveig Hopen /leiar


David Sætre Ludvigsen/medlem


Bent Gunnar Næss/sekretær

